

---

Saksnr: 2021/50627-1  
Saksbehandlar: Simen Lagesen Krogstie

---

## UKM Vestland fylkesfestival 2022

Forslag til vedtak

1. UKM (Ung Kultur Møtest) Vestland fylkesfestival 2022 vert gjennomført som fysisk arrangement.
2. Fylkesfestivalen vert delt i to arrangement, eitt med deltakarar hovudsakeleg frå tidlegare Hordaland, og eitt med deltakarar hovudsakeleg frå tidlegare Sogn og Fjordane.
3. Fylkesfestivalane skal arrangerast der dei var planlagde i 2020 og 2021, på Voss og i Måløy, dersom ikkje praktiske eller økonomiske omsyn talar mot det.

Samandrag

Fylkesfestivalane UKM 2020 og 2021 i Vestland var planlagt avvikla på Voss og i Måløy. Ein valde to festivalar i staden for éin samla for Vestland for å unngå for stort arrangement og lang reiseveg for dei som skulle delta, ungdom mellom 13 og 20. Dei same argumenta er gjeldande for festivalen i 2022. Grunna koronapandemien vart fylkesfestivalen i 2020 avlyst, og festivalen i 2021 vart digital. Det vert foreslått å gjennomføre fysiske festivalar på Voss og i Måløy i 2022 dersom forholda ligg til rette for det.

Per Morten Ekerhovd  
avdelingsdirektør

Siri Ingvaldsen  
seksjonssjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Ung Kultur Møtest (UKM) er ein festival der ungdom mellom 13 og 20 år kan delta med ulike slags kulturuttrykk, som musikk, dans, biletkunst, skulptur, dataspel eller anna. Dei kan også delta som konferansier, arrangør, fotograf eller nettredaktør. Kommunane vel ut deltakarar som representerer dei på fylkesfestivalen, og på fylkesfestivalen vel ein ut deltakarar til den nasjonale festivalen. Vestland fylkeskommune har ansvar for arbeidet med UKM på regionalt nivå og for gjennomføringa av UKM-festivalen for Vestland.

Fylkesfestivalane i tidlegare Hordaland og Sogn og Fjordane samla ca. 250 deltakarar kvar. Ein felles festival vil dermed verte omfattande, med kring 500 deltakarar.

Før samanslåinga var det bestemt at det skulle vere to fysiske festivalar i 2020. På grunn av pandemien vart festivalane avlyste.

For å unngå for stort arrangement og lang reiseveg for deltakarane vedtok hovudutval for kultur, idrett og integrering at det skulle arrangerast to fylkesfestivalar UKM i Vestland også i 2021, éin med deltakarar hovudsakeleg frå tidlegare Hordaland, og éin for deltakarar hovudsakeleg frå tidlegare Sogn og Fjordane (PS 121/2020). Av smittevernomsyn vart fylkesfestivalen UKM likevel ein digital festival i 2021 (Hovudutval for kultur, idrett og integrering RS 12/2021).

### Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. vedteke reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering, punkt 3.

### Vurderingar og verknader

UKM Vestland digital fylkesfestival 2021 har gitt verdifulle erfaringar og kunnskap om digitale løysingar for denne typen arrangement. Nye verktøy i kommunikasjons- og formidlingsarbeid vil kome til nytte i vidare arbeid med UKM. Innspel frå målgruppa, medverknadsorgan og lokalkontaktar er likevel tydelege på at den fysiske møteplassen er sakna. Avdelingsdirektør tilrår difor å arrangere fysiske UKM-festivalar i 2022.

Fordelen med å arrangere to fylkesfestivalar UKM i Vestland i staden for éin samla er at arrangementa vert mindre omfattande og at det ikkje vert altfor langt å reise for dei som skal delta. Ulempa er at ein med to festivalar ikkje i same grad byggjer identitet for UKM i eit samla Vestland fylke. Avdelingsdirektør tilrår likevel to festivalar, særleg sidan mange vil få lang reiseveg sjølv om denne løysinga vert vald.

Ein bør søkje å knyte dei to festivalane saman på ulike måtar slik at dei begge klart framstår som UKM-arrangement i regi av Vestland fylkeskommune. At begge festivalane vert planlagde på same tidspunkt bidreg til dette. Digitale kommunikasjons- og formidlingsløysingar gjer det ytterlegare mogleg å knyta dei to festivalane saman.

For å sikre tilstrekkeleg oppslutning om dei to festivalane, bør deltakarar frå tidlegare Sogn og Fjordane i hovudsak delta i Måløy, medan deltakarar frå tidlegare Hordaland deltek på Voss.

### Økonomi:

Løyving til regionalt arbeid med UKM ligg i budsjettet for avdeling for kultur, idrett og inkludering, løyvingsnivå kulturformidling.

### Klima:

Det må vere eit mål i UKM-arbeidet å velje miljøvenlege løysingar der det er mogleg. To fysiske festivalar gjer reiseverksemd som gir klimaavtrykk. Å nytte reisemåtar som er kollektive, bidreg til å redusere dette. Det same gjer digital møteverksemd i planleggingsfasen.

### Folkehelse:

Kulturell aktivitet bidreg saman med sosial deltaking til betre folkehelse. Å møte andre med felles interesser motverkar einsemd og utanforskap, og styrkjer identitet og sjølvkjensle.

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):**

Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle: Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

**Konklusjon**

UKM Vestland fylkesfestival 2022 vert planlagt som fysisk arrangement fordelt på to festivalar. Festivalane bør gjennomførast der dei var planlagde i 2021, på Voss og i Måløy, om det er praktisk og økonomisk gjennomførbart. Deltakarar frå tidlegare Sogn og Fjordane vil i hovudsak delta i Måløy, medan deltakarar frå tidlegare Hordaland deltek på Voss.